

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Fylke: Rogaldn

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Avaldsnes

Emne: Ting til legedom og vern
mot sykdom

Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie
65 år.

Gard: Meland

(adresse): Avaldsnes

G.nr. 35 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røvnsl.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. I mi barndomstid brukte ofte eldre folk "giktringar" på fingren.
2. Dei ringane eg såg, var å sjå til som vanlege gif-teringar men av ei slags koparligering. Dei kunde ofte blika mykje på gullringar.
Noko slags innrissing i ringane såg eg aldri.
3. Kjennskapet kom ved at ein og annan brukte ringane. Men det hende også at ferdafolk selde slike ringar. Seljaren skrytte sjölvsagt alltid av at det var serleg gode giktringar han hadde. Eg tykkjest hugsar at prisen for ein giktring var kr. 2,00.
4. Nei, eg kjenner ikkje til anna enn det som er nemnt.
5. Do. Do.
6. - 8. Do. Do.
9. Ein høyrde av og til at folk bar ei potetsnei etter ei snor på ryggen på berre kroppen - for gikt. Eg tykkjest også hugsar at det vart bore koparplata på ryggen.
Om serleg form e.l. på slike ting, hugsar eg inkje til.
10. Ja, elektriske belter var nokså vanlege frå min konfirmasjonsalder og til for 20 - 30 år sidan. Beltene vart bruka serleg mot gikt (vondt i ryggen) men også for ein stor del mot magesjukdom og elles nesten for kva som helst.
11. Namnet var rett og slett "elektriske belter"
12. Dei vanlege beltene var samansette av ledd ~~som~~ der kvart ledd var ei kopar- og ei zinkplata med filt imellom. Dette skulde leggjast i edik, så det vart elektrisk straum. Desse ledane i beltet var nokså kunstferdigt samansette - på kjøpebelter. Men det var også enklare belter, som folk om dei vilde, kunde laga sjölv. Det var enkle kopar- og zinkplater som vart sydde saman med snelletråd, slik at det låg ei filt-plata meloom metallplatene. I metallplatene var små høl til å sygjenom.
13. Om armband m.v. lagt i edikk kjenner eg inkje til.
14. I mi barndomstid var det nokså vanleg at gutar brukte öyreringar mot "vondt i auggedne". I dei siste 40-50 år har eg ikkje set noko til det.
15. Öyreringane var, så vidt eg veit, av gull. Vanlegvis var dei heilt runde av storleik vel så stor som ein 25-öring og var laga av ein slags gulltråd.
Ein del av ringen kunde lukkast opp, og vart festa ved at ringen vart tredd gjenom eit lite hol

- i öyresnippen. Kven som stakk holet veit eg ikkje.
16. Det var alltid ring i båe öyrene, når dei fyrst brukte slike.
17. Eg höyrde berre at ringane vart bruka mot augne- sjukdomar. Kan henda mot gikt.
19. Eg hugsar også ei gjente som frå sin tidlege barndom gekk ringar i öyra for dårlegt syn. Ho ~~er~~ lever framleis - snart 70 år gamall. Så vidt eg veit brukar ho ringane framleis. Ho ser framelsi kleint.
20. Det var nok tale om at sume bar ting i lomma, serleg mot gikt. Klarast tykkjer eg hugsa at det vart bruka potetestykker også her.
21. Eg kjenner ikkje til andre ting som folk bar på seg. Men det reiste folk rundt med "elektriske maskinar" som vart brukt serleg mot gikt. Eg såg aldri slike maskinar, men eg höyrde foltalt om dei. Dei sveivde på maskina og det var laga elektisitet som visstnok gjekk gjennom eit vibrasjonsapparat til to lodder som hang etter kjettingar frå maskinen. Loddene skulde den giktsjuke halda eit i kvar hand. Dei fortalde at det "riste godt" i armane. Ei gjente i grannelaget hadde ei slags låming i beina. Denne maskina vart bruka på henne. Dei batt eit logg til kvar fot. Om det hadde noko verknad på gjenta eller på andre veit eg ikkje. Gjenta vart seinare god og var god i beina til sin dödsdag.
22. Eg kjenner ikkje noko felles namn.

Avaldsnes den 13/7 1954